



Hjørdis Holgersen fortel levande om det å driva handel på Sanden i Uskedalen. Elevane er f.v: Simon Musland og Petter Myklebust.

7. klasse i samarbeid med Merethe Offerdal Tveit i Lokalhistorisk filmkurs har laga film om butikkdrifta på Sanden i fire generasjonar. Hjørdis Holgersen fortel på ein meisterlag måte til borna om oppveksten sin og arbeidet i butikken fram til døtrene Kjersti og Gunn Mari og svigerdotter hennar, Bente, overtok 1992. Hjørdis var primus motor i drifta på Nilsen Handel i 27 år.

Det var bestefar hennar som starta handel for 155 år sidan i 1863. Far hennar, Mandius, og mora Marta f. Haugland, dreiv vidare. Mandius var medeigar i Sandajekto og han var ofte med i jektefarten mens Marta dreiv handel. Foreldra og heile sju born budde og vaks opp i det vesle kvite huset på kaien. Dei selde for det meste mjøl, smør og sukker. Grønnsaker var det ikkje snakk om. Bøndene den gongen dyrka og hadde det meste av maten heime på garden. Appelsiner var det berre å få til jul. Kaffien vart malt på ei stor kaffikvern.

Hjørdis er den yngste i syskenflokket. Far hennar var 61 år då ho vart fødd. Ho kom tidleg med på butikken. Broren, Arne, hadde båtspedisjonen og tok mot båtane. Ofte, særleg i krigsåra med usikre rutetider, vart stova deira brukt som venterom.

Mannen til Hjørdis, Harald var sjømann. Før han slutta å reisa, var det ho som dreiv handel. Nybygget i 1964 og seinare påbygg har utvikla drifta til slik butikken framstår i dag. Med fleire butikkar i Uskedalen på 1960 talet var Hjørdis tvilande til om det var rett å satsa vidare. Det var alltid eit dilemma dette med tradisjonen og kva som var behovet.

Filmen har med fleire tablå, dramatiseringar frå ulike hendingar. Det mest alvorlege var då ei flaske parafin velta og det tok fyr. Då var det nære på at huset og sjøbua kunne gå med i brannen. Elles syner filmen glimt frå handelsbrevet til Marta Myklebust, frå kassaboka i 1963, frå kundar som kjem og handlar kaffi og ikkje minst då ein ropar på Hjørdis om at no er det kundar på døra og at ho må koma ned i butikken.

Filmen Butikk i Uskedalen i fire generasjonar er ein av mange i ein serie laga av Merethe Offerdal Tveit. Frå Uskedalen er det før spelt inn ein film frå Haugland skule med elevar i rolle frå ein skuledag på ein krinnskule i eldre tid.

Filmen kan de sjå ved å klikka [HER](#).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal
Teknisk hjelp: Thor Inge Døssland